

# Landbrukskontoret

ØRSTA VOLDA

## Informasjonsskriv

1/2023

### Produksjonstilskot del 1 2023

Produksjonstilskot er ei fellesnemning for fleire statlege tilskotsordningar for føretak som driv vanleg jordbruksproduksjon.

#### Korleis søker?

Meir informasjon om kven som kan søkje, rettleiing og søknadsmateriell finn du her:

[PT og avløysing](#)

#### Søknadsfristar:

**15. mars:** Del 1 - Søknad for føretak med husdyr, der telledatoen er 1. mars og du kan søkje om husdyrt tilskot (unnatak bifolk) og tilskot til økologisk husdyrproduksjon.

Alle som har husdyr må sende inn del 1 då dyretalet legg grunnlaget for kva du får i avløysart tilskot og tilskot for grovfôrareal i del 2.

**15. oktober:** Del 2 - Her søker du om areal- og kulturlandskapstilskot og avløysart tilskot, men du må ha registrert dyra du disponerer pr. 1. mars for at desse skal vere med i tilskotsgrunnlaget for dei to tilskotsordningane. I tillegg vert det søkt på husdyrt tilskot, beitet tilskot, mv.

Etter at ein har levert søknaden innan fristane kan ein endre opplysningane i søknaden innan 14 dagar etter søknadsfristen.

OBS! Ein kan levere søknaden innan 14 dagar etter søknadsfristen dvs. fram t.o.m. 29. mars/oktober, men tilskotet vert då

redusert med kr 1.000 for kvar dag som går over fristen. Difor – ver ute i god tid. Der er ope for å søkje f.o.m. 1. mars/oktober.

Ta kontakt på telefon, e-post eller kom innom kontoret så gjev vi rettleiing, om du er usikker på utfyllinga eller anna ved søknaden.



Hobbyhøns på Seljeset, Hornindal. Foto: Guro Sterud Stutlien



# Landbrukskontoret

## ØRSTA VOLDA

### Tilskot til drenering

Sommaren 2022 vart utfordrande for dei fleste, og det vart svært synleg kva jord som treng meir eller ny drenering. Vi har fått rikeleg med tilskotsmidlar og oppmodar om at dei som skal grøfte eller utføre andre drenerande tiltak søker om tilskot.

Satsane er ikkje dei største, men likevel så har ein god timesbetaling for å sende inn ein søknad. Støtta er kr 38 per meter eller kr 2.500 per daa dersom grøftinga er systematisk. Søk før du tek til, og dersom du er usikker på om du rekk alt i år så får du 3 års arbeidsfrist. Lenke til ordninga: [Drenering](#)



Mark som ikkje tolte sommaren 2022, Festøy. Foto:  
Landbrukskontoret

### Straumstøtte

Har du meldt deg på straumstøtteordninga? Jordbruksføretak som er registrert i Brønnøysundregistra og som søker produksjonstilskot kan få straumstøtte. Fristen for perioden oktober – desember 2022 gjekk ut 28. februar. Neste

periode er januar – mars 2023. Fristen for å melde seg på er 31. mai 2023.

Støtta er på 80 % av kostnadane over 70 øre per kWt.

Du finn meir informasjon hjå landbruksdirektoratet.no. Lenke: [Straumstøtte](#)

### Gardskart


Bruk gardskarta aktivt ved søknad om tilskot og elles i drifta. Dersom du oppdagar feil i grenser eller markslag, eller har nye areal som skal inn i karta, ta kontakt med oss. Har du t.d. rydda eit nytt beite så må det omklassifiserast frå t.d. skog for at det skal telje med i søknaden om arealtilskot. Ta kontakt så tek vi ei synfaring og ser om området held krava til innmarksbeite. Meld frå i god tid.

### Arealbehov - fôrbehov

Fordelinga mellom jord og fôrbehov i dei ulike bygdene er ikkje alltid optimal. I dei mest aktive bygdene er det for lite areal, medan det er tvert om andre stader, med ingen attverande aktive produsentar.

Nokre bygder treng leigetakrar eller alternativt faste avtalar på kjøp av grovfôr. Geografien med lange transportavstandar gjer dette til ei utfordring som vi ønskjer å finne tenlege løysingar på.

Som landbruksmynde arbeider vi med eit mål om at mest mogleg produksjonsareala skal vere i drift, og vi har eit ansvar for å følgje opp driveplikta. Difor - dersom du treng areal så ber vi om at du tek kontakt



# Landbrukskontoret

## ØRSTA VOLDA

med oss, gjerne med informasjon om kva du treng og kor langt det er aktuelt å køyre.

Søknadsfristen er som før 15. oktober og det vert opna for å søke 15. september.

### Sjekk gjødsellagar og utstyr

I 2022 hadde vi eit par uheldige hendingar med gjødsellager og utstyr for gjødselhandtering som førte til utslepp av husdyrgjødsel. Vi oppmodar difor alle om å ta ein internkontroll. Dersom du har gjødselkjellarport, sjekk tilstanden på finnplatene, pakningar, ramme, mv. Levetida på særleg platene/seksjonane som står over gjødsla og vert påverka av gjødselgassane, er avgrensa.

Mange søker om - og får tilskot til tidleg spreiling av husdyrgjødsela. Vi oppmodar om at de fører logg/noteringar over spreilingane med data for dato/mengde/stad. Det er viktig å ha dokumentasjon på bruken av husdyrgjødsela dersom det vert kravd ved kontroll av ordninga.



Hest i Knutsdalen, Hornindal. Foto: Guro Sterud Stutlien

### Regionalt miljøprogram (RMP)


Tilskotsordninga for regionalt miljøprogram - til dagleg kalla RMP - er under revidering, og den vil verte litt endra for 2023. Vi kjem attende med informasjon når vi veit kva endringane inneber.

### Nydrking – bruk av overskotsmassar

I samband med kommuneplanar og jordvernstrategiar er god bruk av overskotsmassar eit sentralt tema. Ved mindre og større utbyggingar får ein som regel overskot av massar som treng fornuftig etterbruk. Særleg for matjord er det viktig å sikre gjenbruk. Diverre endar ein ofte opp med at massane vert handsama som eit problem og ikkje som ein ressurs.

Likevel så har fleire gode døme på at ein ved å planlegge i god tid kan få brukt massane fornuftig til å opparbeide nytt jordbruksareal. Ein må då vere i forkant og ha planar og klareringar på plass. Når arealet ligg kart og grunneigaren er budd, ligg mykje til rette for å få eit godt resultat.

Vi treng å få vite om interesserte grunneigarar som kan tenke seg å nydryke jordbruksareal ved bruk av overskotsmasse. Ein respons til oss om



# Landbrukskontoret

## ØRSTA VOLDA

interesse for dette er sjølvsagt uforpliktande.

### Gjødslingsplan

Gjødslingsplanen er verdipapiret som skal syne at ein i drifta har balanse mellom behov og tilførsel av næring til plantane. Ved søknad om produksjonstilskot, kontroll av KSL, søknad om SMIL-midlar, mv, er det spørsmål om føretaket har gjødslingsplan.

Vi oppmodar alle om å sjå etter om planen er ajour og at den gjeld for 2023. Det er surt når vi kjem på kontroll og planen manglar. Dersom det er behov for nye jordprøver så har vi utstyr som vi lånner ut.

### Utvalde kulturlandskap (UKL)

Utvalde kulturlandskap i Hjørundfjorden og Norangsdalen har fått ei ny årleg ramme på kr 850 000. I følgje lokale retningsliner skal 60 % av dette (kr 510 000) fordelast til arealtilskot for A-områda og beitetilskot til dyr som blir sleppte på beite i UKL-området. Arealtilskotet i A-området var på kr 100 per dekar. Det vart betalt ut kr 131 per sau/lam, geit/ kje og kr 654 for kvart storfe/ungdyr/hest som vart sleppte på beite innanfor UKL-området. Arealtilskot og beitetilskot vert betalt ut når vi har dokumentasjon på skjøtsel av areal og dyr på beite. Alle som fekk arealtilskot og beitetilskot i 2022 blir kontakta på e-post utover våren/ sommaren.

Dersom du driv skjøtsel av dyrka mark i A-området på Finnes, Skår, Hustadneset, Leknes, Maude, Stavset og Stenes, og ikke fekk arealtilskot i 2022, må du ta kontakt

med landbrukskontoret. Dette gjeld også dei som sleppte dyr på beite innan UKL-området i 2022, og ikkje fekk beitetilskot. De må ta kontakt med landbrukskontoret.

40 % av løyvinga (kr 340 000 + inndregne midlar frå tidlegare løyvingar) skal gå til investeringstiltak eller enkelttiltak. I 2022 gjekk 68 % av investeringstilskotet til innkjøp av Nofence og permanent gjerdehald. **Søknadsfristen for investeringstiltak er 15. april.** Ta kontakt dersom de har eit prosjekt/tiltak du vil søkje om støtte til.

Meir informasjon om UKL-ordninga finn de på Ørsta kommune si heimeside.  
<https://www.orsta.kommune.no/naring/landbruk/ukl-utvalde-kulturlandskap/>

### Støtte til planlegging

Viktig informasjon til mjølkeprodusentar med båsfjøs og ammekuprodusentar. Då mange kan ha behov for planlegging og rådgjeving i år er det innført ei ordning der ein kan få støtte til slike utgifter. Ein kan få dekt 50 % av kostnaden med planlegging og rådgjeving (maksimal støtte kr 10.000).

Det er Møre og Romsdal Fylkeskommune som finansierer ordninga og det er Landbruk Nordvest som administrerer.

Du kan få dekt kostnader til m.a.:  
Byggrådgjeving, driftsplanlegging,  
økonomisk rådgjeving og rådgjeving knytt til vegval.



# Landbrukskontoret

## ØRSTA VOLDA

Du står fritt til kva rådgjevarar du vil bruke, om det er frå NLR, Tine, Nortura, osb.

Her finn du lenke til støtteordninga:  
[Søknadsskjema støtte til planlegging](#)



Døme frå ny fjøs, Åmdalen foto: Landbrukskontoret

### Driveplikt og jordleigeavtalar

Landbrukskontoret held fram med oppfølging av driveplikta. Etter jordlova har eigarar av eigedomar med jordbruksareal driveplikt i heile eigartida. Med jordbruksareal meiner ein dyrka jord og innmarksbeite. Vi sender ut brev til dei som ikkje søker produksjonstilskot eller der vi ikkje har registrert jordleigeavtale.

Dersom du har signert jordleigeavtale som vi ikkje har fått kopi av, ber vi om at den sendast til oss.

### Innovasjon Norge

70 prosent av midlane i 2023 skal prioriterast til mjølk- og kjøtproduksjon på

storfe samt mjølkeproduksjon på geit. Det skal leggast vekt på omlegging til lausdrift i mjølk- og storfekjøtproduksjon, samt ombygging for å møte nye krav til dyrevelferd.

Sau vert ikkje prioritert i 2023, men vil bli vurdert på nytt i 2024.

Det kan også gis investeringstilskot til bygging av gjødsellager med fast toppdekke for husdyrgjødsel, biorest og anna organisk avfall, og førlager. I tillegg vil ein og ha auka produksjon innan potet, frukt, bær og grønsaker.

### Tilskot til skogsvegar, taubane og skogkultur 2023

Kommunen har vedtatt følgande tilskotssatsar for skogbruket i Ørsta og Volda i 2023.

#### Tilskotssatsar veg:

- Skogsbilveg inkl. snu-/lunnepassar: inntil 50 %.
- Vegar etter hovudplan eller foreløpig hovudplan kan få inntil 60 % tilskot.
- Traktorveg kl. 7: inntil 40 %. Høgaste sats kan berre brukast der vegen seinare vil bli bygd om til skogsbilveg.

#### Tilskotssatsar taubane:

- Taubanedrift: inntil 240 kr/m<sup>3</sup>.
- Motormanuell felling til hogstmaskin i bratt terreng. 60 % tilskot for dokumentert kostnad. Inntil 550 kr/time.
- Ved treslagsskifte, med førehandsgodkjenning av kommunen,



# Landbrukskontoret


## ØRSTA VOLDA

inntil 250 kr/m<sup>3</sup> for hogst av lauv og  
inntil 150 kr/m<sup>3</sup> for hogst av furu.

- Maskinvinsj: inntil 50 kr/m<sup>3</sup>.
- Andre tiltak som bidreg til å utvikle skogbruket: inntil 500 kr/m<sup>3</sup> .

### Tilskotssatsar skogkultur:

- Nyplanting: 50 %.
- Planting ved treslagskifte til gran: 70 %.
- Suppleringsplanting: maks 80 %.
- Flaterydding/ungskogpleie/ringbarkin g: maks 70 %.
- Grøfting: 40 %.



Flott foryngelse av gran på Sørheim. Foto: Peder Magnussen.

### Skogprosjektet

Skogprosjektet med Håkon Eliassen som prosjektleiar, såg på gamle og ferske plantefelt i 2022. I 2023 vil ein ha eit forsøkt med treslagskifte frå lauv (bjørk og platanlønn) til gran på Barstad i Ørsta.

### Skogbruksplan i Volda

Planane er ferdige og vart utlevert på nyåret. Det er viktig at alle søker refusjon for tilskotet som er gitt til skogbruksplanen. For å få gjort dette må ein først registrere kontonummer i skogfondsystemet. Sjå oppskrift i linken:

<http://guidecloud.se/landbruksdirektorat/1163.guide>

Deretter må ein registrere eit refusjonskrav, nytt hovudkode 320 (skogbruksplan).

<http://guidecloud.se/landbruksdirektorat/1112.guide>



# Landbrukskontoret

ØRSTA VOLDA

## Tilsette ved kontoret

	<b>Liv Bente Viddal</b> Tlf. 907 04 008 E-post: <a href="mailto:liv-bente.viddal@orsta.kommune.no">liv-bente.viddal@orsta.kommune.no</a>  Liv Bente er leiar for kontoret. Ho handsamar m.a. jordlovsaker og har hjorteviltforvaltninga i Ørsta, og konsesjonsaker. Registrerer eigenfråsegner om konsesjonsfridom i matrikkelen.
	<b>Guro Sterud Stutlien</b> Tlf. 907 04 501 E-post: <a href="mailto:guro.sterud.stutlien@orsta.kommune.no">guro.sterud.stutlien@orsta.kommune.no</a>  Guro er sakshandsamar for produksjonstilskot Ørsta, SMIL, landbruksregisteret, beitelaga, plantevern, driveplikt, Innovasjon Norge mv.
	<b>Jan Endre Nesdal</b> Tlf. 902 55 815 E-post: <a href="mailto:jan.endre.nesdal@orsta.kommune.no">jan.endre.nesdal@orsta.kommune.no</a>  Jan Endre har delar av kontortida si på Smia i Hornindal. Han har ansvar for UKL-ordninga, oppfølgjing av driveplikt og handsaming SMIL mv.
	<b>Peder Magnussen</b> Tlf. 452 82 680 E-post: <a href="mailto:peder.magnussen@orsta.kommune.no">peder.magnussen@orsta.kommune.no</a>  Peder er skogansvarleg ved kontoret. I tillegg til alt innan skogbruk har han viltforvaltninga i Volda.
	<b>Børild Skåra</b> Tlf. 906 99 240 E-post: <a href="mailto:borild.skara@orsta.kommune.no">borild.skara@orsta.kommune.no</a>  Børild er sakshandsamar for jordlovsaker i Volda, RMP, gardskart, Innovasjon Norge, nydyrkning, driveplikt Ørsta, mjølkekoter, mv.

